

Referat

Fellesmøte - Fagrådet for kommuneoverlegar og kommunalsjefgruppa - helse og omsorg

Dato/tid: 22.02.2019, kl. 08:30 - 11:00
Stad: Møterom Regionrådet
Til stades: Anita Sørgård, Terese Folgerø, Rolf Martin Tande, Tord Molsumyr, Anita Pettersen, Peter Kubon, Frøydis Gullbrå, Helga Ellingsen, Monika Kvamme, Ove Sæbø, Grete Herøy, Helge Kvam, Nina Kvamme, Leni Dale, Heinz Diehl, Ingebjørg Søreide og Anne Hildegunn Færøy
Møteleiar: Terese Følgerø
Referent: Anne Hildegunn Færøy

Saksnr.	Saker
01/19	<p>Godkjenning av referat frå fellesmøte 26.10.2018</p> <p>Referat frå fellesmøte 26.10. godkjent utan merknader</p>
02/19	<p>Journalsystemet til Infodoc skal i «sky»</p> <p>I samband med dette ønskjer leverandør å overta driftsansvar m.V. Det vert stilt spørsmål ved om det er behov for samarbeid om anbud</p> <p>Rolf Tande orienterte frå Infobruk-møte der det vart meldt at Infodoc Plenario skal gå i «sky». Rolf har vore i kontakt med IKT NH og fått melding om at når Infodoc går i sky så skal ikkje IKT NH drifta servertenester lenger. Det er meldt at alle som brukar Infodoc må i «sky» før eller seinare. Det er uklart kva kostnader denne løysinga medfører, og det vert stilt spørsmål om dette er noko som kommunane kvar for seg skal inngå avtale med Infodoc om, eller om kommunane burde gå saman om dette?</p> <p>Leni Dale orienterte at kommunane i Alver startar eit prosjekt for å konsolidera Infodoc for dei tre kommunane. Dette inneber at dei går i tett dialog med leverandørar. For Alver kommunane er ein positiv til å gå i sky, men kommunen kan ikkje vente på dette og må ha ei serverløysing for sine legekontor, inkl . legevakta. Arbeidet vert gjort i samarbeid med IKT NH. Gruppa ber om å få meir informasjon om Alver sitt arbeid med Infodoc i neste fellesmøte.</p>
03/19	<p>Samarbeid om pandemiplaner/massevaksinasjonsplaner</p> <p>Særavtale om samhandling ved pandemisk hendelse er signert av alle kommunar og sjukehus. Partane har ved å signera på denne avtalen forplikta seg til å oppdatere egne pandemiplanar/massevaksinasjonsplanar, og det vert stiller spørsmål om kommunane bør vurdere å samarbeide om dette.</p> <p>Rolf Tande viste til at det er starta eit arbeid for å samordne dette for omegnskommunane(6 kommunar). Det er semje om at dette er eit tema som Fellesmøte bør ha på sin agenda.</p>
04/19	<p>Rekruttering av Psykologar</p> <p>Rolf Tande gav ei kort orientering om oppstart av forprosjekt – Rekruttering av psykologar til kommunane. Det er sett ned ei arbeidsgruppe, samansett av ressursar frå kommunane, Helse Bergen og psykologforeininga og NUI som stiller med sekretær i arbeidet. Kommunalsjefgruppa, supplert med repr frå Helse Bergen er styringsgruppe for prosjektet.</p>

05/19	<p>Gjennomgang av saker til SU NH 22.februar</p> <p>Gruppa drøfta sakene og kom med innspel til desse. Nokre saker var drøfta særskild;</p> <ul style="list-style-type: none"> • <u>Sak om LIS1 legar</u> Samarbeid mellom kommunar om Lis1 (Legar i spesialisering) Ny spesialistforskrift gjeldande frå 01.03.2017 har gjort det nødvendig å justera gjeldande særavtale for samarbeid om kopla stillingar for LIS1, slik at den er i samsvar med ny forskrift. Avtalen vert lagt fram for handsaming i SU. For kommunane inneber dette m.a.: <ul style="list-style-type: none"> ○ Lege i spesialisering skal vurderas etter oppnådde læringsmål. ○ Arbeidsgjevar (kommunen) har ansvaret for å vurdere og godkjenne læringsmål. Kommunane må søkja om å bli registrert seg utdanningsinstitusjon ○ Meir om ordninga finn ein på: https://helsedirektoratet.no/autorisasjon-utdanning-og-godkjenning/spesialistutdanning-og-spesialistgodkjenning/lege/ny-spesialistutdanning/spesialistutdanning-for-leger-del-1-lis1 <p>Når det gjeld rekruttering og tilsetting av LIS1 legar, så vart det peika på at det til no har vore ei viss skeivhet i utveljinga, og at kommunane opplever at sjukehusa i stor grad rekrutterer kandidatar som er opptatt av forsking og spesialisthelseteneste. Gruppa ba om at dette vart løfta inn til SU si handsaming av saka. Det vart også løfta fram at Helsehuset og eit framtidig kunnskapssenter der må vurderas som ein arena for utdanning av LIS1 legar, og om mulig registrerast som ein utdanningsinst for denne gruppa.</p> <ul style="list-style-type: none"> • <u>Sak om lege til legesamarbeid</u> Gruppa drøfta mandat til dette arbeidet og kom med merknader til dette som vart løfta inn til SU. (sjå vedlagt referat frå SU NH 22.februar) • <u>Sak om pasientløp for vaksne med sjukeleg overvekt</u> Sak innmeldt av Helse Bergen om pågående forbettingsprosjekt for vaksne med sjukeleg overvekt og invitasjon til kommunane om å delta i arbeidet. Det var semje om at kommunane i NH ikkje vil prioritere å delta i dette arbeidet. Viser elles til ei generell tilbakemelding til helseføretaket om kommunal deltaking i slikt arbeid. •
06/19	<p>Meldingssaker / eventuelt</p> <p>Behandlings- og rehabiliteringsforløp for barn og unge med erverva hjerneskade</p> <p>Helse Vest RHF og helseføretaka har fått i oppdrag å etablera eit samanhengande behandlings- og rehabiliteringsforløp for barn og ungdom med erverva hjerneskadar. Det er i samband med dette sendt melding om at det regionale prosjektet ønskjer kommunal deltaking i prosjektgruppa og i ei referansegruppe.</p> <p>Gruppa drøfta saka og vil melda tilbake at det er viktig å ha med kommunestemma i dette arbeidet, men at kommunane i NH ikkje kan prioritere å gå inn i dette arbeidet no. HB blir orientert om vedtaket.</p> <p>Vidare vart det, på generelt grunnlag drøfta communal deltaking i utviklingsarbeid, initiert av regionalt helseføretak, og som ikkje er drøfta og prioritert inn i felles handlingsplan.</p> <p>Gruppa var samd i at det er behov for å utabeida ein felles strategi for korleis kommunane skal møte slike førespurnader å prioritera for kva satsingsområder og samarbeidsprosjekt kommunane skal delta i saman med helseføretaket. Fagrådet og kommunalsjefgruppa vil drøfte dette vidare kvar for seg og komme med innspel til vidare arbeid med ein slik strategi i neste fellesmøte.</p> <p>Konklusjon:</p> <p>Gruppa vil utarbeide eit felles svar til Helse Vest med kopi til Helse Bergen for å gje ei tilbakemelding i denne saka. Vidare vil gruppa vil på eit generelt grunnlag melde til Helse Vest at kommunane ser det som utfordrande å bruke ressursar og prioritere å arbeide inn i prosjekt som ikkje er ein del av kommunane sine satsingsområde og som er prioritert inn i meir langsiktige planar.</p>